

# Prop. 56 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 4. desember 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning av oppstart av eit nytt investeringsprosjekt for framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret.

Stortinget vart gjennom St.prp. nr. 78 (2006-2007), St.prp. nr. 1 (2007-2008), St.prp. nr. 1 (2008-2009), samt Prop. 1 S (2009-2010) informert om framdrifta i prosjektet for å framstaffe kapasiteten til Forsvaret.

### 2 Bakgrunn

Gode kommunikasjonssystem er avgjerande for at Forsvaret skal kunne bidra til stabilitet og effektiv overvakning av norske interesseområde, samt å kunne handtere episodar raskt og truverdig. Sterkare fokus på militært nærvær i nordområda fører med seg at Forsvaret sitt behov for kommunikasjonskapasitet vil vere aukande dei kommande åra. Behovet vert ytterlegare forsterka ved Forsvaret si deltagning i operasjonar i utlandet der det ikkje finst naudsynt kommunikasjonsinfrastruktur.

Forsvaret sin nye måte å operere på i eit nettverksbasert forsvar set nye krav til sikker tilgang på effektive og sikre kommunikasjonskanalar. Vidare set endringa høgare krav til kommunikasjon

med både eigne og andre nasjonar sine avdelingar, uavhengig av område desse er stasjonert i. Røynsler frå operasjonar dei seinare åra syner at det berre er satellittkommunikasjon (SATCOM) som kan oppfylle krava til kommunikasjon med naudsynt bandbreidd over lange avstandar til Forsvaret sine farty og landavdelingar både heime og ute. Dei nye fregattane, Skjold-klassen fartya og det nye logistikkfartyet vil verte utstyrde med SATCOM. Vidare vil mellom anna Forsvaret sine mobile kommunikasjonsløysingar for landoperasjonar verte utstyrde med SATCOM.

Forsvaret har i fleire år nytta SATCOM som sitt primære kommunikasjonsmiddel mellom norske avdelingar i internasjonale operasjonar, og i operativ og strategisk leiing heime. I den seinare tid har Forsvaret erfart at leigemarknaden for satellittkapasitet i militære og sivile frekvensband er pressa, og ved fleire høve har ikkje Forsvaret fått fatt i den kapasiteten dei har hatt behov for. I tillegg har presset i marknaden ført med seg høgare prisar for leige av satellittkapasitet.

I 2008 nytta Forsvaret omlag 80 mill. kroner til leige av satellittkapasitet. Eit eigarskap til ein satellitt er difor venta å gje ei betydeleg innsparing både med omsyn til driftskostnader og levetidskostnader samanlikna med leige av kapasitet.

Forsvaret si røynsle frå leige av satellittkapasitet er at satellittdekninga er dårleg i nordområda. Dette er dels grunna satellittane si bane og jorda si krumming, og dels ved at dei fleste kommersielle satellittane som leiger ut kapasitet fokuserer sine antennar mot områder med høg befolkningskonsentrasjon og stort kundegrunnlag. Nordområda fell difor ofte utanfor dei kommersielle satellittane sine primære dekningsområde. Ein satellitt med norsk eigarskap vil prioritere kapasitet mot nordområda for å betre denne situasjonen.

### **3 Framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret (kapittel 1760)**

#### **3.1 Vurderte alternativ**

Forsvarsdepartementet har vurdert i alt sju ulike alternativ. Null-alternativet, som var basert på vidare leige av kapasitet, vart forkasta fordi eit eigarskap til kapasiteten vart rekna som betre både med omsyn til tilgang, kapasitet og økonomi.

Dei andre vurderte alternativa var bilaterale samarbeid med Storbritannia, Luxembourg, USA, Spania samt eit nasjonalt prosjekt der Forsvaret sjølv skulle framstaffe og drive ein satellitt. Vidare er det utgreidd eit alternativ basert på eit samarbeid mellom Forsvarsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet (NHD).

#### **3.2 Val av alternativ**

Av dei vurderte alternativa var det berre to alternativ som hadde akseptabel kapasitet og kostnad for Forsvaret. Det eine var samarbeidsprosjektet med NHD (kalla StatSat). Det andre alternativet var eit materiellprosjekt i samarbeid med ein internasjonal aktør (Hisdesat) heimehøyrande i Spania og delvis eigd av den spanske staten.

StatSat-alternativet gjekk ut på å framstaffe ein satellitt i eit samarbeid mellom Forsvaret og eit planlagt nyopprettet aksjeselskap under NHD. StatSat sin kapasitet, utover den som vert avsett til Forsvaret, ville først og fremst verte brukt til å dekke eit kommersielt behov ved den norske satellittnedlesingsstasjonen TrollSat i Antarktis. Her ville eventuell overskotskapasitet for Forsvaret verte leigd ut på den opne marknaden.

Det er vurdert at eit internasjonal materiell-samarbeid med ein vel etablert operatør som Hisdesat vil redusere både usikkerheit knytt til framstaving og drift av satellitten og til plassering av satellitten i rommet. Spania har i hovudsak alt avklara plassering av satellitten i rommet. Eventuell over-

skotskapasitet for Forsvaret er planlagd leigd ut på den opne marknaden, inkludert til offentlege myndigheter.

Den spanske samarbeidspartnaren Hisdesat har lang røynsle på drift og leveranse av satellitt-kommunikasjonstenester. Det er difor mindre usikkerheit og færre uavklarte spørsmål knytte til eit samarbeid med Spania enn det nasjonale StatSat-alternativet. I tillegg vil eit samarbeid med Spania også omfatte ei reserveløysing for Forsvaret ved eventuelle feil på satellitten, noko som ikkje var etablert i StatSat-alternativet.

Samarbeidet med Spania har ei total kostnadsramme på 982 mill. kroner. Tilsvarande for StatSat-alternativet er 1 615 mill. kroner.

I tillegg til høgare investeringskostnad for staten i StatSat-alternativet, vil alternativet også gje høgare levetidskostnader enn i eit samarbeid med Spania. Eit internasjonalt materiellsamarbeid med Spania, med omsyn til mellom anna levetidskostnader og risiko i organisering og gjennomføringsevne, er difor vurdert til å vere den beste løysinga både for Forsvaret og for staten.

#### **3.3 Nærare om det valte alternativet**

Prosjektet vil altså framstaffe ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret i eit bilateralt materiellsamarbeid med Spania. Samarbeidet vil gje Forsvaret eigarskap til ein definert kapasitet av ein felleseid militær kommunikasjonssatellitt og full kontroll over den norskeide delen av satellitten. Prosjektet vil sikre Forsvaret tilgang til sikker og robust breibandskommunikasjon over satellitt i heile satellitten sin levetid. Levetida er rekna til minst 2028.

Samarbeidspartane vil vere Forsvaret og det spanske satellittselskapet Hisdesat. Hisdesat er om lag 40 prosent eigd av den spanske staten, resten er eigd av kommersielle aktørar.

Forsvaret vil ha eit 40 prosent eigarskap i prosjektet og i satellitten, og vil sjølv ha kontroll over denne delen. Dei resterande 60 prosent er eigd av Hisdesat. Forsvaret sin eigarskap vil altså ikkje omfatte eigarskap i selskapet Hisdesat, men berre i prosjektet og i satellitten.

### **4 Ekstern kvalitetssikring**

Ekstern kvalitetssikring av prosjektet er gjennomført i samsvar med retningslinene fra Finansdepartementet. Resultata frå kvalitetssikringa ligg til grunn for den tilrådde kostnadsramma.

Rapporten frå ekstern kvalitetssikring konklu-

derer med at eit bilateral samarbeid med Spania er den beste løysinga både for Forsvaret og staten.

Tilrådinga av dette alternativet er basert på at dette er den rimelegaste løysinga som er tilfredsstillande for Forsvaret, og at eit materiellsamarbeid med ein etablert satellittoperator vil redusere usikkerheten i prosjektet, både i gjennomføringa av framskaffinga og i driftsfasen.

## 5 Kostnader

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 982 mill. kroner medrekna ei avsetting for usikkerheit. Gjennomføringskostnadene (post 01) for prosjektet er rekna å utgjere 50 mill. kroner.

## 6 Gjenkjøp – industrisamarbeid

Regeringa sin politikk er å krevje gjenkjøp ved framskaffingar til Forsvaret over 50 mill. kroner frå utanlandske leverandørar. I dette prosjektet er det så langt ikkje endeleg avklart om det kan stillast krav til gjenkjøp.

Forsvarsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til vedtak om framskaffing av ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret**

I

- Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2009 kan
1. starte opp eit nytt investeringsprosjekt for å framskaffe ein kommunikasjonssatellitt til Forsvaret i eit materiellsamarbeid med Spania, innanfor ei kostnadsramme på 982 mill. kroner.
-

